

Nærbø, 30.06. 2008

Finansdepartementet
Postboks 8008 Dep
0030 Oslo
E-post: postmottak@fin.dep.no

HØYRING – NOU 2008:7, KULTURMOMSUTVALET

Stiftinga Jærmuseet er godt nøgd med Kulturmomsutvalet si innstilling, og ber om at tilrådingane frå utvalet blir gjennomført frå 1.januar 2009.

Me viser elles til høyringsfråsegna frå Noregs Museumsforbund og sluttar oss i all hovudsak til Museumsforbundet sine kommentarar.

Me vil vidare understreka at det er svært viktig at ein får lik handsaming av museum uavhengig av organisasjonsform.

Staten har tilrådd at dei konsoliderte musea blir organiserte som stiftingar. Som stifting har Jærmuseet sjølv erfart kor vanskeleg forskjellsbehandlinga mellom stiftingar og kommunale/fylkeskommunale museum har vore. Me har nettopp fullført eit stort byggeprosjekt ved avdelinga vår i Sandnes, Vitenfabrikken. Kostnadsramma, eks. mva, var om lag 95 mill. kr., av dette er 45 mill statlege tilskot.

På grunn av momskompensasjonsreglane måtte byggherreansvaret og eigarskapet til nybygget overførast til Sandnes kommune. At reglande/momsstyresmaktene i tillegg krev at kommunen også utad skal stå føre drifta, strir mot intensjonane i konsolideringspolitikken, og fører i tillegg med seg mange praktiske og administrative vanskar.

Me har altså sett at dei nåverande momsordningane gitt av eit departementet motarbeider dei museumspolitiske målsettingane til eit anna departement.

Vennleg helsing

Målfrid Snørteland (sign.)
Direktør